


# KVITSEID KOMMUNE



# ÅRSREKNESKAP 2020

(revidert)

# Årsrekneskap 2020

## Innleiing

Rådmannen legg med dette fram rekneskapen for 2020. Rekneskapsdokumentet skal i fyrste rekke gje uttrykk for kommunen sine disposisjonar gjennom året, og den økonomiske stillinga ved utgangen av rekneskapsåret, men er også ein viktig dokumentasjon på korleis arbeidet med rekneskapen vert utført.

Det er viktig at rekneskapen vert sett i samanheng med kommunen si årsmelding. Rekneskapen syner inntekter og disponering av desse gjennom rekneskapsåret, og status ved utgangen, men gjev ikkje informasjon om kvifor tala er som dei er. Det skal årsmeldinga gje informasjon om.

Rekneskapen for 2020 er fyrste rekneskapen som er utarbeidd etter *Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.* som tok til å gjelde 01.01.2020, og endrar mange av rekneskapsoppstillingane i høve til tidlegare år. For samanlikning er rekneskapstal for 2019 omarbeidd etter dei nye oppstillingane.


Driftsrekneskapen er avslutta med eit meirforbruk på kr 5.126.328 som er dekkja inn ved å stryke kr 5.122.535 i overføring frå drift til investering og kr 3.793 til dekking av meirforbruk i 2019.

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekkja beløp på kr 3.638.339 som fylgje av strykinga i overføring frå drift til investering, og etter stryking av avsetnad til ubunde investeringsfond med kr 315.728.


Rekneskapen for 2020 vart gjort tilgjengeleg for kommunerevisjonen 09.03.2021. Forhold som er teken opp av kommunerevisjonen er korrigert for dersom det har vore vesentleg.

Rådmannen meiner at det framlagte rekneskapen gjev eit rett uttrykk for kommunen si økonomiske stilling pr. 31. desember 2020.


Kviteseid, 15.04.2021



Øystein Tveit, rådmann



Tore Åsland, budsjett- og strategisjef



Gudrun Nordbø Venås

## Melding frå revisor



Til kommunestyret i Kviteseid  
kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmann

### Melding frå uavhengig revisor

#### Uttale om revisjon av årsrekneskapen

##### **Konklusjon**

Vi har revidert årsrekneskapen for Kviteseid kommune som viser eit negativt netto driftsresultat på kr 6 292 591. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Kviteseid kommune per 31. desember 2020, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

##### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overhaldt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

##### **Ytterlegare informasjon**

Rådmannen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding kapitel 2 og kapitel 5 - 10, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

Vestfold og Telemark revisjon IKS  
Org.nr.: 923 822 410 MVA  
Tlf.: 33 07 13 00  
[www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

Postadresse  
Postboks 2805  
3702 Skien  
[post@vtrevisjon.no](mailto:post@vtrevisjon.no)

Avdeling Skien  
Bruene 1  
3724 Skien

Avdeling Horten  
Sollistrandsveien 12  
3187 Horten

Avdeling Bø  
Bøgata 69  
3800 Bø



I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese den ytterlegare informasjonen, for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom den og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere om det.

På tidspunkt for skiving av revisjonsmeldinga er ikkje kapitel 6 og kapitel 10.3 lagt fram. Vi har difor ikkje gjennomgått alle delar av den ytterlegare informasjonen av årsmeldinga.

### ***Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen***

Rådmannen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Rådmannen er også ansvarleg for slik intern kontroll ho finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

### ***Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen***

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving av revisors oppgåver vises det til: [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger) - revisjonsmelding nr. 2

### **Utsegn om andre lovmessige krav**

#### ***Konklusjon om registrering og dokumentasjon***

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.



## **Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at årsmeldinga inneheld dei opplysningane som lov og forskrift krev, og at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

## **Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik**

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til Kviteseid kommune si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

## **Konklusjon**

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

For vidare beskriving av revisors oppgåver vises det til: [www.nkrf.no/revisjonsberetninger](http://www.nkrf.no/revisjonsberetninger) - revisjonsmelding nr. 2

Bø, 15. april 2021  
Vestfold og Telemark revisjon IKS

*Hilde Vatnar*

Hilde Vatnar  
Oppdragsansvarleg revisor/  
statsautorisert revisor

---

Vestfold og Telemark revisjon IKS  
Org.nr.: 923 822 410 MVA  
Tlf.: 33 07 13 00  
[www.vtrevisjon.no](http://www.vtrevisjon.no)

Postadresse  
Postboks 2805  
3702 Skien  
[post@vtrevisjon.no](mailto:post@vtrevisjon.no)

Avdeling Skien  
Bruene 1  
3724 Skien

Avdeling Horten  
Sollistrandsveien 12  
3187 Horten

Avdeling Bø  
Bøgata 69  
3800 Bø

## Innhold

### Hovudoversikter

Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4, 1.ledd	Side	7
Bevilgningsoversikt, netto ramme pr. rammeområde etter § 5-4, 2.ledd	Side	8
Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5, 1.ledd	Side	9
Bevilgningsoversikt investering fordelt på investeringsprosjekt etter § 5-5, 2.ledd	Side	10
Økonomisk oversikt - drift etter § 5-6, 1.ledd	Side	11
Balanserekneskapen etter § 5-8	Side	12
Budsjettavvik – driftsrekneskapen etter § 5-9, 1.ledd	Side	13
Budsjettavvik – investeringsrekneskapen etter § 5-9, 2.ledd	Side	13

### Noter

Note 0 – Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering	Side	14
Note 1 – Endring i arbeidskapital	Side	15
Note 2 – Pensjon	Side	16
Note 3 – Kommunen sitt garantiansvar	Side	19
Note 4 – Utlån	Side	19
Note 5 – Aksjar og andelar i varig eige	Side	19
Note 6 – Administrativt vertskommunesamarbeid	Side	19
Note 7 – Bruk og avsetnad av fond	Side	20
Note 8 – Kapitalkonto	Side	23
Note 9 – Sal av finansielle anleggsmiddel	Side	23
Note 10 – Anleggsmiddel – aktivering og avskrivning	Side	24
Note 11 – Langsiktig lån og avdrag	Side	25
Note 12 – Usikre og betinga forpliktingar	Side	25
Note 13 – Sjølvkostområde	Side	26
Note 14 – Fritt næringsfond	Side	27
Note 15 – Bunde næringsfond	Side	28

# Årsrekneskap 2020

## Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4, 1.ledd

Tall i 1000 kroner	Noter	Opprinneleg			
		Rekneskap 2020	Budsjett 2020	budsjett 2020	Rekneskap 2019
Rammetilskot		-99 605	-104 758	-100 294	-95 916
Inntekts- og formueskatt		-67 377	-62 205	-63 542	-65 310
Eigedomsskatt		-3 756	-3 756	-3 422	-3 671
Andre generelle driftsinntekter		-4 437	-4 434	-4 678	-5 939
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>		<b>-175 175</b>	<b>-175 152</b>	<b>-171 936</b>	<b>-170 836</b>
Sum bevilgningar drift, netto (inkl. avskrivningar)		188 302	184 018	177 218	183 066
<b>Sum netto driftsutgifter</b>		<b>188 302</b>	<b>184 018</b>	<b>177 218</b>	<b>183 066</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>13 126</b>	<b>8 866</b>	<b>5 281</b>	<b>12 230</b>
Renteinntekter		-1 257	-1 121	-1 365	-1 599
Utbytte		-3 424	-3 325	-3 800	-5 139
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel		0	0	0	0
Renteutgifter		3 423	3 017	3 447	3 585
Avdrag på lån	11	6 904	6 903	6 157	5 823
<b>Netto finansutgifter</b>		<b>5 645</b>	<b>5 475</b>	<b>4 440</b>	<b>2 669</b>
Motpost avskrivningar	10	-12 479	-12 479	-10 158	-10 274
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>6 293</b>	<b>1 862</b>	<b>-437</b>	<b>4 625</b>
<b>Disponering eller dekking av av netto driftsresultat:</b>					
Overføring til investering		297	5 395	715	0
Netto avsetnad til eller bruk av bunde driftsfond	7	-674	-1 319	1 172	-62
Netto avsetnad til eller bruk av disposisjonsfond	7	-9 692	-9 713	-1 450	-787
Dekking av tidlegare års meirforbruk		3 776	3 776	0	0
<b>Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat</b>		<b>-6 293</b>	<b>-1 862</b>	<b>437</b>	<b>-849</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-3 776</b>

# Årsrekneskap 2020

## Bevilgningsoversikt, netto ramme pr rammeområde etter § 5-4, 2.ledd

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Opprinneleg budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>Netto driftsutgifter pr rammeområde</b>				
Driftsuavhengige inntekter/utgifter	0	0	0	1
Politisk verksemd	3 183	3 092	5 219	3 402
Rådmannen	3 722	4 053	5 716	6 127
Fellestene	13 078	11 929	3 251	7 997
Anna undervising	7 546	6 901	7 662	7 071
Kviteseid skule	22 811	22 318	21 296	22 629
Straumsnes oppvekstsenter	2 931	2 765	3 968	4 343
Brunkeberg oppvekstsenter	8 088	8 069	8 127	8 294
Kviteseid barnehage	6 324	6 258	6 508	6 365
Sektorleing helse og omsorg	3 208	3 270	3 461	4 411
Helse	16 190	15 843	13 965	14 592
Barnevern	5 166	5 422	5 444	4 296
Kviteseid omsorgstenester	22 567	22 401	23 315	23 694
Heimetenestene	16 714	16 364	17 697	15 915
Kjøkken	2 985	2 938	416	711
Funksjonshemma	20 264	20 192	21 700	20 885
Samfunnsutvikling og teknisk drift	30 686	29 816	27 316	28 574
NAV	3 566	3 480	3 480	3 615
VAR	-728	-1 092	-1 322	145
<b>Sum fordelt frå Bevilgningsoversikt</b>	<b>188 302</b>	<b>184 018</b>	<b>177 218</b>	<b>183 066</b>
<b>Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond:</b>				
Driftsuavhengige inntekter/utgifter	1 583	1 582	1 480	1 583
Politisk verksemd	-267	-277	0	0
Rådmannen	105	0	0	-31
Fellestene	442	-597	0	-545
Anna undervising	-11	55	55	360
Kviteseid skule	-245	-254	-154	-480
Straumsnes oppvekstsenter	-55	0	0	-114
Brunkeberg oppvekstsenter	153	0	0	-10
Kviteseid barnehage	-54	0	0	-23
Sektorleing helse og omsorg	-80	0	0	-1 062
Helse	-438	-438	0	-552
Barnevern	-244	0	0	970
Kviteseid omsorgstenester	125	0	0	12
Heimetenestene	-7	0	0	-248
Funksjonshemma	6	0	0	10
Samfunnsutvikling og teknisk drift	-1 890	-2 083	-901	-67
NAV	-6	0	0	0
VAR	209	692	692	136
<b>Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) disposisjonsfond:</b>				
Politisk verksemd	-9 105	-9 101	-430	-733
Fellestene	-852	-852	-983	0
Samfunnsutvikling og teknisk drift	265	240	-37	-55
<b>Sum netto ramme og avsetnader/bruk av fond</b>	<b>177 936</b>	<b>172 986</b>	<b>176 940</b>	<b>182 217</b>



# Årsrekneskap 2020

## Bevilgningsoversikt investering etter § 5-5, 1.ledd

Tall i 1000 kroner	Noter	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Opprinneleg budsjett 2020	Rekneskap 2019
Investeringar i varige driftsmidlar	10	30 261	30 559	30 300	53 776
Tilskot til andre sine investeringar		1 000	1 000	4 000	1 015
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		3 663	3 663	715	1 408
Utlån av egne midlar		0	0	0	0
Avdrag på lån		0	0	0	0
<b>Sum investeringsutgifter</b>		<b>34 923</b>	<b>35 222</b>	<b>35 015</b>	<b>56 200</b>
Kompensasjon for meirverdiavgift		-3 754	-3 387	-6 588	-10 023
Tilskot frå andre		-563	0	0	-1 168
Sal av varige driftsmidlar		-1 216	-1 216	-650	-500
Sal av finansielle anleggsmidlar		-12	0	0	-750
Utdeling frå selskap		0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne midlar		0	0	0	0
Bruk av lån		-27 000	-27 000	-25 062	-41 930
<b>Sum investeringsinntekter</b>		<b>-32 545</b>	<b>-31 603</b>	<b>-32 300</b>	<b>-54 371</b>
Vidareutlån		971	771	750	1 560
Bruk av lån til vidareutlån		-971	-771	-750	-1 560
Avdrag på lån til vidareutlån		1 515	1 200	400	457
Mottekne avdrag på vidareutlån		-1 115	-1 200	-400	-430
<b>Netto utgifter vidareutlån</b>		<b>400</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>27</b>
Overføring frå drift		-297	-5 420	-715	0
Netto avsetnader til eller bruk av bunde investeringsfond	7	-328	0	0	-371
Netto avsetnader til eller bruk av ubunde investeringsfond	7	0	316	-2 000	0
Dekking av tidlegare års udekka beløp		1 485	1 485	0	0
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetnader</b>		<b>860</b>	<b>-3 619</b>	<b>-2 715</b>	<b>-371</b>
<b>Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)</b>		<b>3 638</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 485</b>

# Årsrekneskap 2020

Bevilgningsoversikt investering fordelt på investeringsprosjekt					
Alle tall i 1000 kroner		Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Opprinneleg budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>Frå bevilgningsoversikt investering</b>					
Investeringar i varige driftsmidlar		30 261	30 559	30300	53 776
Tilskot til andre sine investeringar		1 000	1 000	4000	1 015
Investeringar i aksjar og andelar i selskap		3 663	3 663	715	1 408
Utlån av egne midlar		0	0	0	0
<b>Sum frå bevilgningsoversikt investering</b>		<b>34 923</b>	<b>35 222</b>	<b>35 015</b>	<b>56 200</b>
0329	Nye bustader Lundejordet	11 717	12 000	12 000	339
0516	Oppgradering kommunale vegar del 1	1 875	1 900	2 500	3 415
0565	Brannstasjon	155	250	1 000	0
0570	Kviteseid skule opprusting	544	0	0	46 361
0571	Ny barnehage - Kviteseid	666	667	250	0
0572	Kviteseid skule opprusting uteområde	2 187	1 850	2 000	0
0573	Ikt-oppgradering 2017	675	600	1 000	716
0581	Tilrettelegging nye bustadområde	1 204	1 602	3 000	832
0582	Tilrettelegging nytt industriområde	304	304	0	220
0584	Overvaking vatn og avløp	2 393	2 200	0	494
0586	Nye/Rehab. Pumpestasjonar (avløp)	101	100	250	0
0587	Høgvoll VA	0	0	2 000	0
0588	Morgdal RA - oppgradering (2019-2021)	286	286	500	0
0589	Brønn, Hellebrui vassverk	0	0	0	154
0590	Rehab. VA Kvitsund	8 153	8 800	2 300	272
0596	Saneringsplan Kviteseid	0	0	0	0
0993	Saneringsplan Vrådal	0	0	3 500	0
557	Skilting kommunale vegar	0	0	0	116
574	Midtsundtoppen ombygging	0	0	0	522
583	Utleigebustad Husstøyl	0	0	0	-1
595	Belysning KOS	0	0	0	338
<b>Sum fordelt investering i varige driftsmidlar</b>		<b>30 261</b>	<b>30 559</b>	<b>30 300</b>	<b>53 776</b>
0163	Bidrag investeringsprosjekt kyrkja	1 000	1 000	1 000	1 000
0575	Utviding næringsshagen	0	0	3 000	0
516	Oppgradering kommunale vegar del 1	0	0	0	15
<b>Sum fordelt tilskot til andre sine investeringar</b>		<b>1 000</b>	<b>1 000</b>	<b>4 000</b>	<b>1 015</b>
0110	Eigenkapitalinnkot Klp	638	638	715	658
0112	Kjøp aksjar og andelar	25	25	0	750
0575	Utviding næringsshagen	3 000	3 000	0	0
<b>Sum fordelt investeringar i aksjar og andelar i selskap</b>		<b>3 663</b>	<b>3 663</b>	<b>715</b>	<b>1 408</b>
<b>Sum fordelt utlån av egne midlar</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Årsrekneskap 2020

Økonomisk oversikt - Drift (§ 5-6)					
Tall i 1000 kroner	Noter	Rekneskap 2020	Budsjett 2020	Opprinneleg budsjett 2020	Rekneskap 2019
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>					
Rammetilskot		-99 605	-104 758	-100 294	-95 916
Inntekts- og formueskatt		-67 377	-62 205	-63 542	-65 310
Eigedomsskatt		-3 756	-3 756	-3 422	-3 671
Andre skatteinntekter		-1 583	-1 582	-1 480	-1 583
Andre overføringer og tilskot frå staten		-2 855	-2 852	-3 198	-4 356
Overføringer og tilskot frå andre		-61 503	-51 631	-47 472	-68 502
Brukarbetalingar		-13 046	-10 504	-12 473	-12 405
Sals- og leigeinntekter		-27 348	-26 895	-27 361	-27 768
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>-277 073</b>	<b>-264 182</b>	<b>-259 242</b>	<b>-279 511</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>					
Lønsutgifter		145 182	137 380	138 977	144 904
Sosiale utgifter		29 646	28 101	28 727	32 555
Kjøp av varer og tenester		83 698	79 521	75 396	82 125
Overføringer og tilskot til andre		19 228	15 619	13 290	21 872
Avskrivningar	10	12 479	12 479	10 158	10 274
<b>Sum driftsutgifter</b>		<b>290 232</b>	<b>273 100</b>	<b>266 548</b>	<b>291 731</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>		<b>13 159</b>	<b>8 918</b>	<b>7 305</b>	<b>12 220</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG -UTGIFTER</b>					
Renteinntekter		-1 304	-1 175	-1 419	-1 599
Utbytte		-3 424	-3 325	-3 800	-5 139
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel		0	0	0	0
Renteutgifter		3 436	3 019	3 457	3 595
Avdrag på lån	11	6 904	6 903	6 157	5 823
<b>Netto finansutgifter</b>		<b>5 612</b>	<b>5 423</b>	<b>4 396</b>	<b>2 679</b>
Motpost avskrivningar	10	-12 479	-12 479	-10 158	-10 274
<b>Netto driftsresultat</b>		<b>6 293</b>	<b>1 862</b>	<b>1 543</b>	<b>4 625</b>
<b>DISPONERING ELLER DEKKING AV NETTO DRIFTSRESULTAT</b>					
Overføring til investering		297	5 395	715	0
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) bunde driftsfond	7	-674	-1 319	1 172	-62
Netto avsetnad til (+) eller bruk av (-) disposisjonsfond	7	-9 692	-9 713	-1 450	-787
Dekking av tidlegare års meirforbruk		3 776	3 776	0	0
<b>Sum disponering eller dekking av netto driftsresultat</b>		<b>-6 293</b>	<b>-1 862</b>	<b>437</b>	<b>-849</b>
<b>Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-3 776</b>

# Årsrekneskap 2020

Balanseregnskapen etter § 5-8			
Tall i 1000 kroner	Noter	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
<b>EIGEDLAR</b>			
<b>A. Anleggsmiddel</b>			
I. Varige driftsmiddel			
1. Fast eiendom og anlegg	10	303 029	286 607
2. Utstyr, maskiner og transportmiddel	10	10 819	11 400
II. Finansielle anleggsmiddel			
1. Aksjar og andelar	5	39 531	35 880
2. Obligasjonar		0	0
3. Utlån	4	36 086	36 252
III. Immaterielle eigendelar			
IV. Pensjonsmidlar	2	331 453	303 256
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>720 918</b>	<b>673 395</b>
<b>B. Omløpsmiddel</b>			
I. Bankinnskot og kontantar			
		22 270	25 693
II. Finansielle omløpsmiddel			
1. Aksjar og omløpsmiddel		0	0
2. Obligasjonar		0	0
3. Sertifikat		0	0
4. Derivater		0	0
III. Kortsiktige fordringar			
1. Kundefordringar		8 376	10 174
2. Andre kortsiktige fordringar		12 878	17 399
3. Premieavvik	2	15 415	19 108
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>58 938</b>	<b>72 373</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>779 856</b>	<b>745 768</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>C. Eigenkapital</b>			
I. Eigenkapital drift			
1. Disposisjonsfond	7	-8 927	-18 619
2. Bundne driftsfond	7	-12 918	-13 592
3. Meirforbruk i driftsrekneskapen		0	3 776
II. Eigenkapital investering			
1. Ubundne investeringsfond	7	0	0
2. Bundne investeringsfond	7	0	-328
3. Udekka beløp i investeringsrekneskapen		3 638	1 485
III. Anna eigenkapital			
1. Kapitalkonto	8	-200 694	-160 757
2. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen drift		2 946	2 946
3. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen investering		0	0
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>-215 955</b>	<b>-185 090</b>
<b>D. Langsiktig gjeld</b>			
I. Lån			
1. Gjeld til kredittinstitusjonar	11	-187 100	-167 769
2. Obligasjonslån		0	0
3. Sertifikatlån		0	0
II. Pensjonsforplikting			
	2	-333 207	-345 172
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>-520 307</b>	<b>-512 941</b>
<b>E. Kortsiktig gjeld</b>			
I. Kortsiktig gjeld			
1. Leverandørgjeld		-13 981	-13 580
2. Likviditetslån		0	0
3. Derivater		0	0
4. Anna kortsiktig gjeld		-28 497	-29 859
5. Premieavvik	2	-1 116	-4 298
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>-43 594</b>	<b>-47 737</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>-779 856</b>	<b>-745 768</b>
<b>F. Memoriakonti</b>			
I. Ubruka lånemidlar			
		25	246
II. Andre memoriakonti			
		5 035	4 299
III. Motkonto for memoriakontiane			
		-5 059	-4 545
<b>Sum memoriakonti</b>		<b>0</b>	<b>0</b>

# Årsrekneskap 2020

## Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar (F §5-9)

<b>Disposisjonar gjort i samsvar med §4-1 til §4-4 i driftsrekneskapen:</b>		<b>R2020</b>
Netto driftsresultat		6 292 591
Sum budsjettdisposisjonar		-1 166 263
Årets budsjettavvik (meir- eller mindreforbruk før strykningar)		5 126 328
Strykning av overføring til investering		-5 122 535
Strykning av avsetnader til disposisjonsfond		0
Strykning av dekning av tidlegare års meirforbruk		-3 793
Strykning av bruk av disposisjonsfond		0
Meir- eller mindreforbruk etter strykningar		0
Bruk av disposisjonsfond for reduksjon av årets meirforbruk etter strykningar		0
Bruk av disposisjonsfond for inndekking av tidlegare års meirforbruk		3 793
Bruk av mindreforbruk etter strykningar til disposisjonsfond		0
Framført til inndekking i seinare år (meirforbruk)		0
<b>Disposisjonar gjort i samsvar med §4-1, §4-5 og §4-6 i investeringsrekneskapen:</b>		<b>R2020</b>
Sum investeringsutgifter, investeringsinntekter og netto utgifter vidareutlån		2 778 666
Sum budsjettdisposisjonar		-3 946 862
Årets budsjettavvik (udekka eller udisponert beløp før strykningar)		-1 168 196
Strykning av avsetnader til ubunde investeringsfond		-316 000
Strykning av overføring frå drift		5 122 535
Strykning av bruk av lån		0
Strykning av bruk av ubunde investeringsfond		0
Udisponert beløp etter strykningar		3 638 339
Avsetnad av udisponert beløp etter strykningar til ubunde investeringsfond		0
Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)		3 638 339

# Årsrekneskap 2020

## Note 0 Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering (F § 5-10 c)

Kommunerekneskapen er finansielt orientert, og skal vise alle økonomiske midlar som er tilgjengelege i året, og bruken av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som fylgjer av anordningsprinsippet. Det betyr at alle kjente utgifter, utbetalningar, inntekter og innbetalningar i løpet av året, skal framkome av drift- eller investeringsrekneskapen i året om dei er betalt eller ikkje.

Rekneskapen vert presentert etter ny forskrift gjeldande frå og med året 2020, og gjeldande rammestruktur, noko som medfører at rekneskapstal frå førre år kan avvike frå det avlagte rekneskapen i fjor.

Rekneskapen er avslutta i henhold til god kommunal rekneskapskikk og til rekneskapsstandardar (GKRS) definert av Foreninga for God Kommunal Rekneskapskikk.

### Pensjonar

Etter § 3-5 og §3-6 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er berekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Avvik mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad kallast premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen, med tilbakeføring att året etter eller over dei neste 7 åra (tidlegare 15 og 10 år). Kviteseid kommune har vald tilbakeføring over 7 år.

Bestemmelsane inneber og at berekna pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er ført opp i balansen som hhv. anleggsmiddel og langsiktig gjeld.

### Omløpsmiddel

Omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av "anskaffelseskost" og verkeleg verdi. Kommunen har ikkje marknadsbaserte verdipapir som del av ein handelsportefølje.

### Anskaffelseskost

Ved lånefinansiering av investeringar er ikkje renteutgiftene lagt til "anskaffelseskost".

Kommunen sine anleggsmiddel er aktivert til brutto "anskaffelseskost", i samsvar med GKRS nr 2. Dvs at mottekte tilskot ikkje er fråtrekt i "anskaffelseskost".

### Organisering av kommunen si verksemd

Verksemda til kommunen er på fleire område organisert som samarbeid med andre kommunar. Dette er både organisert som ordinær utveksling av tenester og som kommunale IKS. Utveksling av tenester gjeld sal av landbruk-, miljø- og skatterekneskap-tenester til Nissedal kommune, og kjøp av plan-, rekneskap- og lønsskontor-tenester av Nissedal kommune. Brannforebyggande tenester, renovasjon, revisjon, kontrollutvalsssekretariat og PP-tenester er alle organisert som IKS der kommunen er deltakar. Kviteseid kommune er vertskommune for barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark. Kviteseid kommune er og deltakar i vertskommunesamarbeid om felles nav-kontor i Vest-Telemark der Tokke kommune er vertskommune og IT-samarbeidet VTDS og jordmorsamarbeid der Vinje kommune er vertskommune.

### Ytingar til leiande personar i verksemda (§ 5-13 d) og godtgjersle til revisor (§ 5-13 e)

Ordfører	kr	844 192
Rådmann	kr	864 196
Vestfold og Telemark kommunerevisjon IKS, rekneskapsrevisjon	kr	395 364
Vestfold og Telemark kommunerevisjon IKS, forvaltningsrevisjon	kr	201 636
Vestfold og Telemark kommunerevisjon IKS, eigarskapskontroll	kr	-
Vestfold og Telemark kommunerevisjon IKS, rådgjeving	kr	-
Sum Vestfold og Telemark kommunerevisjon IKS	kr	597 000

# Årsrekneskap 2020

## Note 1 Endring i arbeidskapital (F § 5-10 a)

<b>Balanserekneskapet :</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>Endring</b>
2.1 Omløpsmidlar	58 938 097	72 373 194	-13 435 097
2.3 Kortsiktig gjeld	43 594 332	47 737 174	-4 142 843
Arbeidskapital	15 343 765	24 636 020	-9 292 255
<b>Drifts- og investeringsrekneskapet :</b>		<b>Beløp</b>	<b>Sum</b>
<b>Tilgang av midler :</b>			
Inntekter driftsrekneskap		277 050 533	
Inntekter investeringsrekneskap		5 532 853	
Innbet. ved eksterne finanstransaksjonar		6 848 415	
Sum tilgang av midler		289 431 802	289 431 802
<b>Bruk av midlar :</b>			
Utgifter driftsrekneskap		277 753 283	
Utgifter investeringsrekneskap		31 260 514	
Utbetalinger ved eksterne finanstransaksjonar		16 489 262	
Sum bruk av midlar		325 503 057	325 503 057
Tilgang - bruk av midlar			-36 071 255
Endring ubruka lånemidlar (auke +/reduksjon-)			26 779 000
Endring arbeidskapital i drifts- og inv. reknesk.			-9 292 255
Endring arbeidskapital i balansen			-9 292 255
Differanse			0

<b>Avstemming anleggsmiddel og langsiktig gjeld</b>				
<b>Kapittel</b>	<b>Balanserekneskapet</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>Endring</b>
2.2	Anleggsmiddel (+ v/økn.)	720 918 033	673 394 669	47 523 364
2.4	Langsiktig gjeld (- v/økn.)	520 306 579	512 940 545	-7 366 034
Differanse		200 611 454	1 186 335 214	40 157 330
29100	Memoria for ubruka lånemiddel (+ økning/- reduksjon)			-221 000
Sum endring i balanserekneskapet (berekna endring i kapitalkonto)				39 936 330
25990	Kapitalkonto	200 693 725	160 757 394	39 936 330
Differanse				0

# Årsrekneskap 2020

## Note 2 Pensjon (F §5-12 c)

### Generelt om pensjonsordningane i kommunen

Kommunen har tariffesta kollektive pensjonsforsikringar for sine tilsette i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK). Dette gjeld alder-, uføre-, etterlatte-, tidlegpensjon, AFP og betinga tenestepensjon. Årskulla født før 1963 er sikra tidlegpensjon og AFP 62-67 år. Årskulla født frå 1963 er sikra betinga tenestepensjon eller livsvarig AFP. Pensjonane samordnast med utbetalingane frå folketrygda i dei tilfelle regelverket krev det. Framtidige ytingar innan pensjon blir utrekna ut frå talet på oppteningsår og lønnsnivået ved pensjonsalder.

Framtidige premiar vil påverkast av risikomessig over- eller underskot på noverande og tidlegare tilsette både i kommunen og i andre kommunar som er med i ordninga. Premien vil og vere påverka av avkastning, lønnsvekst og utvikling i folketrygda sitt grunnbeløp.

Tilsett som er i kommunen si teneste ved fylte 62 år har og rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar. AFP for 62-64 år er i utgangspunktet ikkje fullt forsikringsmessig dekkja, men kommunen har her valgt ei forsikringsteknisk løysing der årlig premie dekker alle noverande og framtidige AFP-pensjonar.

### Alle påløpte pensjonsforpliktingar er ikkje med i rekneskapen

Kommunal rekneskapspraksis fører til at året sine påløpte pensjonsforpliktingar for kommunen til framtidig eigenandel på 50% av avtalefesta pensjon (AFP) på tilsette som tek ut AFP frå fylte 62 år og fram til fylte 65 år, ikkje vert utgiftsført i driftsrekneskapen. Etter gjeldande lov og forskrift for kommunalt rekneskap skal alle påløpte betalingsforpliktingar (utgifter) utgiftsførast når forpliktinga skjer, dvs i dette tilfellet når den tilsette arbeider, og ikkje på det tidspunktet han har gått av med pensjon. Denne betalingsforpliktinga som forfell fram i tid, skulle ha blitt klassifisert som langsiktig gjeldsforplikting. Dette er likevel ikkje kommunal rekneskapspraksis, og vil fyrst bli gjennomført frå det tidspunktet dette presiserast frå departementet eller God kommunal rekneskapskikk.

### Periodisering av pensjon iht forskrift i høve til kommunelova sine bestemmelsar

Rekneskapsføring av pensjon skjer i hht. §§ 3-5 og 3-6 i "forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner".

### Nærare om rekneskapstala

Dei 2 neste sidene gjev ei oppstilling over alle relevante rekneskapstal knytta til pensjon.

PENSJONSKOSTNADER	SPK		KLP	
	2019	2020	2019	2020
Årets opptening	1 988 421	1 898 447	13 143 083	12 790 524
Rentekostnader	1 288 654	1 021 601	11 955 961	10 359 097
<b>Brutto pensjonskostnad</b>	<b>3 277 076</b>	<b>2 920 048</b>	<b>25 099 044</b>	<b>23 149 621</b>
Forventa avkastning	-1 045 976	-901 093	-11 667 247	-11 625 219
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>2 231 100</b>	<b>2 018 955</b>	<b>13 431 797</b>	<b>11 524 402</b>
Sum amortisert premieavik	-127 546	-114 609	2 314 723	2 940 918
Avregning for tidlegare år	0	0	0	0
Administrasjonskostnad	69 144	62 869	784 962	791 363
Samla kostnad (inkl. adm.)	2 172 698	1 967 215	16 531 482	15 256 683
Pensjonstrekk tilsette	397 998	409 576	2 027 815	2 030 546
Årets rekneskapsførte pensjonsutgift	1 774 700	1 557 639	14 503 667	13 226 137
Arb.g.avg. av amortisert premieavik	-13 520	-12 149	245 361	311 737
<b>PREMIEAVVIK</b>				
Innbetalt premie (inkl. adm.)	2 510 433	1 900 660	18 974 054	14 861 101
herav arekning for året før	-2 966	-282 430	0	0
Administrasjonskostnad	-69 144	-62 869	-784 962	-791 363
<b>Netto pensjonskostnad</b>	<b>-2 231 100</b>	<b>-2 018 955</b>	<b>-13 431 797</b>	<b>-11 524 402</b>
Premieavik	210 189	-181 164	4 757 295	2 545 336
Arb.g.avg. av arb.g.andel av premie inkl.adm.	223 918	158 055	1 796 301	1 360 039
Arbeidsgjevaravgift av årets premieavik	22 280	-19 203	504 273	269 806
<b>PENSJONSFORPLIKTINGAR</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.12.2019</b>	<b>31.12.2020</b>
	<b>ESTIMAT</b>	<b>ESTIMAT</b>	<b>ESTIMAT</b>	<b>ESTIMAT</b>
Brutto påløpt forplikting	35 493 432	32 108 640	305 661 335	300 930 124
Pensjonsmidlar	-28 416 025	-27 565 502	-274 840 322	-303 887 398
<b>Netto forplikting før arb.gj.avgift</b>	<b>7 077 406</b>	<b>4 543 137</b>	<b>30 821 013</b>	<b>-2 957 274</b>
Arbeidsgjevaravgift av nto.pål.forpl.	750 205	481 573	3 267 027	-313 471



# Årsrekneskap 2020

<b>SPESIFIKASJON AV BRUTTO PENSJONSFORPLIKTING UB - ESTIMAT</b>				
	<b>SPK</b>		<b>KLP</b>	
	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Brutto pensjonsforplikting IB 1.1.	33 588 418	35 493 432	289 924 755	305 661 335
Estimatawik forplikting IB 1.1.	-1 372 062	-6 304 840	1 024 805	-17 074 495
Faktisk forplikting	32 216 356	29 188 592	290 949 560	288 586 840
Årets opptening	1 988 421	1 898 447	13 143 083	12 790 524
Rentekostnad	1 288 654	1 021 601	11 955 961	10 359 097
Utbetaling			-10 387 269	-10 806 337
Amortisering estimatawik - forplikting			0	0
Brutto pensjonsforplikting UB 31.12 - estimat	35 493 432	32 108 640	305 661 335	300 930 124
